



Arbeidet med kloakkanlegget i Uskedalen startar like over påske. Det opplysar byggjeleiar for kommunen Ivar Kåre Døssland til uskedalen.no.

Starten skjer på området til Rabben Feriesenter der dei har ein stram frist på seg fordi dei ventar turistinnrykk.

Prosjektet omfattar vatn- og kloakkanlegg med grøfter, leidningar i sjø og på land med tilhøyrande kummar og 2 pumpestasjonar. Dale Entreprenør har entreprisen på arbeidet på land og Rør Dykk på arbeidet med sjøleidningane.

I vilkåra for igangsettjingsløyve, som vart gjeve i slutten av februar, heiter det mellom anna at leidningar i sjø som ligg grunnare enn 2 meter må gravast/spylast ned slik at leidning og lodd ikkje vert til hinder for båt-trafikken.

Skissa viser traseen for kloakkleidningen frå Rabben og vidare langs stranda.